

# BRANNVERNET ANBEFALER

## 1. Husbrannslange

**PULVERAPPARAT** er eit godt sløkkjemiddel, men har ein del ulempar.

Varer berre i 10-20 sekunder ved konstant bruk, ved uhell eller mindre brannar kan det støve ned heile huset, og øydelegge elektriske og andre metallgjenstander, lyt kontrollrast minst kvart 5 år, og refyllast kvart 10-ende. Kan vere "vanskeleg" å bruke.

**HUSBRANNSLANGE** er best fordi:

Det grisar ikkje, enkel å bruke, vi har sløkkjemiddel i lengre tid, treng ingen "ekstern" kontroll. Reint vatn kan nyttast og til elektriske apparat.

Kjøp HUSBRANNSLANGE,  
Ha PULVERAPPARATET i reserve.



## 2. Røykvarslar i Serie

**ALLE** har Røykvarslar heime.

Har du fleire etasjar, kan det brenne lenge i ein av desse før røykvarslaren du har vil reagere.

Vi anbefalar røykvarslar i serie tilkopla straum fordi:

- Dersom du har brann ein stad i huset vil alle varslarane som er kopla saman pipe samstundes. Du vil då ha mykje større moglegheit til å rømme ut, og kanskje sløkkje brannen før den kjem for langt.
- Koplar du eit slikt anlegg til straumeining med batteriereserve slepp du tenke på å bytte batteri kvart år.
- På ein sentral plass i huset bør ein av varslarane vere av typen kombinert Ionisk/optisk, eller ein av kvar type.
- Kostnaden er låg, monteringa kan du gjere sjølv.

**Det bør og vere røykvarslar på alle soverom**

Den beste typen for soverom er kombinert ionisk/optisk varslar, eller ein av kvar type. (raskare oppdaging av ulmebrann)

